

Utval: KIKS - Styret
Møtestad: Åmli kommunehuset
Dato: 11.11.2019
Tid: 10.00

Forfall meldast til administrasjonen på e-post til: post@konsesjonskraft.no som syter for innkalling av varamenn. Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Representerer
Mari Mykland	NESTL	
Jon Rolf Næss	MEDL	
Terje Damman	LEDER	
Svein Arne Jerstad	MEDL	
Torunn Ostad	MEDL	
Margrethe Handeland	MEDL	
Jon-Olav Strand	MEDL	

Terje Damman
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsesn
dagleg leiar

Saksnummer	Innhold
PS 28/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 29/19	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 29.09.2019
PS 30/19	Referatsaker
RS 11/19	Selskapskontroll AA revisjon
RS 12/19	Status selskapsavtale
RS 13/19	Opplæringsplan 2020 nytt styre, kommunestyre
RS 14/19	Tertialrapport controller
PS 31/19	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 32/19	Forhandling etteroppgjer kraftgrunnlag Sira Kvina 2000-2018
PS 33/19	Kraftskatteutvalet sin rapport NOU 2019:16

PS 28/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteprotokoll

KIKS - Styret

Møtestad: Kommunestyresalen Hægebostad

Dato: 19.09.2019

Tid: 10:00

Følgende politikere møtte:

Namn	Funksjon	Vara for
Terje Damman	Leder	
Margrethe Handeland	Medlem	
Jon-Olav Strand	Medlem	
Mari Mykland	Nestleder	
Jon Rolf Næss	Medlem	
Margit Smeland	Varamedlem	

Frå administrasjonen og andre som møtte:

Namn

Glenn Qvam Håkonsen

Sveinung Skjevraak

Laila Rysstad

Reidar Saga

Hægebostad, 27.09.2019

Marie J. Pedersen

Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Saksnummer	Innhald
PS 20/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 21/19	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 15.5.2019
PS 22/19	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 12.6.2019
PS 23/19	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 28.08.2019
PS 24/19	Referatsaker
RS 4/19	Status kraftgrunnlag Sira Kvina
RS 5/19	Valnemd og prosess med nytt styre og repskap
RS 6/19	Ny selskapsavtale i 2020. Forslag til prosess og oppfylging av vedtak i repskap
RS 7/19	Referat frå møte med AEVK 26 august
RS 8/19	Salg av konsesjonskraft på bilaterale kontraktar til datalagringscenter
RS 9/19	Kraftskatteutvalget – innstilling 1 oktober. Møter i Oslo i oktober
PS 25/19	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 26/19	Budsjett 2020, økonomiplan 2021-2023 og utbetalingsprognose 2020
PS 27/19	Eventuelt

PS 20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Innkalling og sakliste vert samrøystes godkjent.

PS 21/19 Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 15.5.2019

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Møteprotokoll frå styremøte 15.05.2019 vert samrøystes godkjent.

PS 22/19 Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 12.6.2019

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Møteprotokoll frå styremøte 12.06.2019 vert samrøystes godkjent.

PS 23/19 Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 28.08.2019

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Møteprotokoll frå styremøte 28.08.2019 vert samrøystes godkjent.

PS 24/19 Referatsaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Referatsaker vert teke til orientering.

RS 4/19 Status kraftgrunnlag Sira Kvina

RS 5/19 Valnemd og prosess med nytt styre og repskap

RS 6/19 Ny selskapsavtale i 2020. Forslag til prosess og oppfylging av vedtak i repskap

RS 7/19 Referat frå møte med AEVK 26 august

RS 8/19 Salg av konsesjonskraft på bilaterale kontraktar til datalagringscenter

RS 9/19 Kraftskatteutvalget – innstilling 1 oktober. Møter i Oslo i oktober

PS 25/19 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Handsaming:

Styret tek rapporteringane til orientering.

Vedtak:

Styret vedtok ikkje å lukke sin posisjon på 200 GWh.

PS 26/19 Budsjett 2020, økonomiplan 2021-2023 og utbetalingsprognose 2020

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte kort om budsjett og økonomiplan.
Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023 vert vedteken
Prognose utbetaling til deltakarar 2020 vert vedteken

Dagleg leiar tilrår:

Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023 vert vedteken
Prognose utbetaling til deltakarar 2020 vert vedteken

PS 27/19 Eventuelt

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Terje Damman fremmet følgende forslag:

Nytt styremøte 7. oktober kl. 1230 i Kristiansand.

Styremøte 11. November kl. 10 i Åmli.

Styre og representantskapsmøte vert satt til 6. desember kl. 10 på Revsnes hotell, Byglandsfjord.

PS 30/19 Referatsaker

4.3.3 Vurdering og konklusjon

Revisjonen har gjennomgått de føringer som ligger til grunn for utbetalingene til eierkommunene, og sett hvordan dette løses i praksis av selskapet. Revisjonen har ikke mulighet til å vurdere de tekniske løsningene som ligger i dette, og gjør kun vurderinger på et overordnet plan.

Konsesjonskraft IKS har en rekke rammer å forholde seg til ved utbetalinger til sine eiere.

Utbetalingene er regulert blant annet i selskapsavtalen og vedtak i representantskapet. Det ligger i ansvaret til selskapet å utarbeide en utbetalingsnøkkel, men det er representantskapet, ved eierne, som vedtar utbetalingene.

Revisjonen vurderer at det er tilstrekkelige mekanismer som sammen utgjør tilfredsstillende kontroll av selskapet. Dette innebærer blant annet representantskapets rolle i vedtak for utbetalinger. Revisjonen legger til grunn at selskapets eiere alltid vil være interessert i størst mulig gevinst fra selskapet, kombinert med en forutsigbarhet. Dette i seg selv er med på å sikre at utbetalinger gjøres i henhold til foreliggende avtaleverk.

Revisjonen vurderer at selskapet opererer med stor grad av åpenhet, ved blant annet å informere representantskapet om hvordan fordelingsnøkklene utarbeides. Åpenhet kan være med på å legge gode rammer for kontroll. I tillegg legger selskapet informasjon om kraftmarkedet ut på nett. Dette er en hensiktsmessig metode for deling av informasjon, da selskapets eiere er spredt over et stort geografisk område.

Selskapet trekker selv frem den største risikoen for endringer i selskapsstrukturen, og herunder utbetalinger til eierkommunene, til å være lovendringer på området.

RS 12/19 Status selskapsavtale

Opplæringsplan KIKS 2020 – nytt styre, representantskap og kommunestyre

Strategiplanen til KIKS er tydeleg på at «KIKS skal ha fokus på læring og kunnskap i alle ledd, frå administrasjon, styret, representantskap, deltakarkommunane og i skuleverket». Etter eit valår er det mange nye folkevalde, og det er viktig med ekstra fokus på læring og kunnskap.

Administrasjonen legg med dette opp til ein plan mot styret, representantskapet og deltakarkommunane som er mogleg innanfor dei ressursane administrasjonen har. I arbeidet vil ein og søkje eksterne moglegheiter for kompetanseheving og anbefalar deltakarane å delta på t.d. LVK-skulen.

Plan for styret i KIKS

Nytt styre blir vald 6 desember på representantskapsmøtet. Då vil ein se kva for kunnskap styret har på kraft og konsesjonskraft. Administrasjonen anbefalar uavhengig av forkunnskapar å sette av tid til grundig kompetanseheving, så kan nivået tilpassast slik at flest mogleg får best mogleg utbytte av kompetanseheving.

Våren 2020 skal det arbeidast med ein ny selskapsavtale, innstillinga frå kraftskatteutvalet kan gje mykje arbeid, kraftgrunnlag Sira Kvina kan resultere i rettssak, vilkårsrevisjon Sira Kvina kan gje auka kjøpskostnadar med 10 mill for KIKS og KIKS skal vere partshjelp i lagmannsretten kor AEVK har stevna OED om prisspørsmål i Mandalsvassdraget.

Alle desse sakane krever ei god forståing av konsesjonskraftordninga, også for eit styre. Det vil og vere viktig med generell kunnskap om korleis KIKS forvaltar konsesjonskrafta for å sikre deltakarane påreknelege inntekter.

Grov plan for opplæring av nytt styre 2020

- Januar – 2 dagar styreseminar med styremøte. F.eks. i Åseral for ekskursjon til Skjerka/Åseral nord
 - KIKS og historia
 - Kva er konsesjonskraft? Korleis bereknast konsesjonskrafta? Kor får KIKS krafta frå?
 - Kjøpskost konsesjonskraft
 - Andre kraftinntekter for kommunane (naturressursskatt, konsesjonsavgifter, eigedomsskatt)
 - KIKS selskapsavtale – samarbeide om millionane, ikkje slåss om kronane
- Februar – 1 dags styreseminar med styremøte
 - Kraftmarknaden – fysisk og finansielt sal av kraft
 - KIKS risikostrategi
- Mars – 1 dags styreseminar med styremøte
 - Dagsaktuelle tema
- April/mai – KIKS årleg seminar med representantskapsmøte og adm tilsette invitert

Grov plan for kompetanseheving i kommunestyre og administrasjonar i kommunane 2020

- KIKS held tett dialog og kjem til dei administrasjonane som ynskjer kompetanseheving saman med KIKS.
- Januar/februar – Presentasjon i fylkesting og dei 5 kommunane med konsesjonskraft ut over forbruk til alminneleg forsyning.
- Februar/mars – presentasjon for dei kommunane som ynskjer at KIKS skal kome og presentere
- April/mai – KIKS årleg seminar med representantskapsmøte med adm tilsette invitert
- Haust 2020 – KIKS fylgjer opp dei kommunane som ikkje har fått presentasjon av KIKS våren 2020

CONTROLLERS RAPPORT PR. 31.8.2019

Etter gjeldande risikostrategi vedteken av styret 12.11.2018, skal:

»Controller skal sjå til at krafthandel, oppfølging og rapportering skjer i samsvar med risikostrategien.»

Underteikna har hatt fleire kontaktmøte med tidlegare controller i overgangen. Controller har starta med fast kontordag på kontora til KIKS, og vore med på tre styremøte, to møte i porteføljeutvalet, eit representantskapsmøte og eit todayars seminar.

Controller har arbeidd for å finne gode kontrollrutinar og fokusområde etter ny risikostrategi.

Etter risikostrategien startar sikringa tre år før det aktuelle året. Sikringsgraden vil vere 85 % ved jamn sikring den 31. desember for komande leveringsår. Valutasikring skal gjennomførast samtidig med kvar sikringshandel.

Controller har m.a. utført følgjande kontrollar pr. 31.8.19:

1. Finansiell sikring av kraft er på løpande basis kontrollert mot gjeldande reglar i sikringsstrategien.
2. Sikringshandlar blir oppgitt i NOK frå Entelios og er med det ikkje utsett for valutarisiko.

Dagleg leiar kan avvike frå normalstrategien, jf. punktet om avvikshandel, dersom marknadsprisen ikkje reflekterer marknadssynet til administrasjonen. Dagleg leiar kan avvike frå jamn sikring med inntil 600 GWh for heile sikringsperioden. Dette inneber at heile sikringsperioden kan sjåast under eitt. Det er uklart om det også inkluderer leveringsåret. Denne grensa er ikkje noko tema pr. 31.8.19, då KIKS held seg langt innanfor denne ramma. I tillegg har styret godkjent 100 GWh i avvik for både 2020 og 2021 (PS 16/18). Administrasjonen fekk i same sak ei ramme på inntil 5 mill. € for å valutasikre dette avviket.

Dei finansielle handlane vart overført til LOS Energy AB den 13. juli 2018, jf. OS 5/18. LOS Energy AB har i etterkant endra namn til Entelios. Entelios sikrar alle finansielle handlar på Nasdaq OMX på kontoen Entelios nyttar, dvs. at handlane blir cleara. Konesjonskraft IKS står derfor ikkje lenger som direkte eigar av posisjonane på Nasdaq OMX. Dette betyr at motpartsrisikoen er flutt frå Nasdaq OMX til Entelios.

Risikoreglementet har følgjande formulering:

Alle finansielle kontraktar som KIKS gjer skal gjennomgå clearing på NASDAQ OMX commodities Europe dersom ein ikkje har avtalt anna. Tilgong til handel på NASDAQ OMX commodities Europe kan gjerast gjennom direkte medlemskap eller gjennom avtale med forvaltar. Dette vert gjort for å eliminere motpartsrisiko. Dersom clearing ikkje kan gjennomførast, skal motparten vurderast og godkjennast av styret før kontrakten er endeleg.

Etter dette blir KIKS' posisjonar fortsatt clara på Nasdaq, men motpartsrisikoen går no mot Entelios.

Når det gjeld valutasikring er motpartsrisikoen flutt frå Danske bank til Entelios.

Konsesjonskraft IKS vidareutvikla system i 2018. Dette sikrar på ein god måte arbeidet med å selje kraft etter risikoreglementet.

Administrasjonen er velviljug til å dele informasjon og turvande dokument til underteikna.

Controller har ikkje avdekka vesentlege avvik dei to første tertial i 2019.

Controller har god nytte av fast kontortid i lokala til KIKS. Controller deltek på møte kvar veke med heile administrasjonen i KIKS, i tillegg til styremøte, PFU-møte, representantskap og seminar. Dette er naudsynt for å kunne skjøtte oppgåva som controller.

Valle, 21.10.2019

Laila Rysstad
Controller

PS 31/19 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
32/19	KIKS - Styret	11.11.2019

Forhandling etteroppgjer kraftgrunnlag Sira Kvina 2000-2018

Dagleg leiar tilrår:

Styret i KIKS gir dagleg leiar fullmakt til å forhandle på vegne av selskapet for etteroppgjer i kraftgrunnlag Sira-Kvina for perioden 2000-2018. Utkast til omforeina avtale skal godkjennast av styret.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Den 29 august 2018 fatta OED endeleg vedtak om kraftgrunnlag og fordeling av konsesjonskraft i Sira Kvina. Vedtaket fekk verknadstidspunkt frå 01.01.2000.

2. Saksopplysningar

Saka har vore til behandling tidlegare og er kompleks. Det blir gjeve ein presentasjon i styremøtet.

3. Vurdering

Saka blir kompleks då klagebehandlinga tok 15 år, noko som har ført til relativt store beløp i etteroppgjer. Det er ikkje tenleg for konsesjonskraftordninga med rettssak i denne saka. Det kan bli aktuelt at dagleg leiar kjem attende og ber om fullmakt til å inngå rettsforlik.

Valle, den 04.11.2019

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
33/19	KIKS - Styret	11.11.2019

Kraftskatteutvalet sin rapport NOU 2019:16

Dagleg leiar tilrår:

Styret vedtek at KIKS sender høyringssvar til NOU 2019:16

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Kraftskatteutvalet la 30 september fram NOU 2019:16.

2. Saksopplysningar

Rapporten foreslår å legge ned konsesjonskraftordninga og konsesjonsavgifter, samt ta bort særberrekningar på eigedomsskatten for vasskraft. Dette kan bety store konsekvensar for deltakarane i KIKS.

3. Vurdering

KIKS vil gje eit høyringssvar som påpeker samfunnskontrakten som er inngått som kompensasjon for naturinngrepa, tal i rapporten som er misvisande og få fram kor godt konsesjonskraftordninga fungerer for å fordele verdiskapinga frå vasskrafta.

Valle, den 04.11.2019

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar